



**HØYRINGSFRÅSEGN:**  
**NOU 2010:8 MED FORSKERTRANG OG LEKELYST**  
**Systematisk pedagogisk tilbud til alle førskolebarn**

**OVERSIKT OVER UTVALGETS ANBEFALINGER**

1. Utvalget anbefaler at barnehagetilbudet fortsatt skal være frivillig
2. Utvalget foreslår 20 timer gratis barnehage i uken for barn i alderen 3-5 år

***Merknader frå Klepp kommune:***

*Utvalet tilrår at barnehagetilbudet framleis skal vera frivillig. Noko anna ville vore oppsikt-svekkjande. Rett nok viser forsking tydeleg at barn har utbyte av barnehagen sitt pedagogiske tilbod, men å gjera dette obligatorisk ville vore dramatisk. Når utvalet i staden gjer framlegg om eit frivillig tilbod 20 timar/veke for 3-5 åringar, får dette støtte frå Klepp kommune. Føresetnaden er full statleg finansiering.*

*Klepp kommune ser at eit barnehagetilbod for alle 20 timar/veka vil ha positive effektar både for einskildbarn og familiar. Eit slikt tilbod vil gje alle barn høve til sosialt nettverk, kjennskap til sentrale emne og til grunnleggjande språklege og sosiale ferdigheiter. Dermed vil tilbodet også kunna fremja politiske mål om sosial utjamning. Samstundes kan ei ulempe ved eit slikt tilbod bli kvalitetsbrot gjennom barnehagedagen, slik at ein kan få ei A og ei B-tid. Særleg vil dette gjelda dersom ein manglar førskulelærarar.*

*Utvalet burde vore tydelegare i utlegginga av mandatet. Som lesar kan ein undra seg over kva tid utvalet omtalar eit 20 timars gratis barnehagetilbod for barn i alderen 3-5 år, når det er tale om behov for endringar i rammeplanen og når utvalet omtalar skuleførebuande aktivitet.*

**ORGANISERING AV TILBUDET**

1. Utvalget foreslår at tilbudet gis innenfor det ordinære barnehagetilbudet
2. Utvalget anbefaler at alle barnehager skal ha tilknytning til et tverrfaglig samarbeidsteam
3. Utvalget anbefaler at kommunen via helsestasjonen og andre instanser gir informasjon til foreldre om betydningen av å gå i barnehagen
4. Utvalget foreslår at tilbudet om foreldreveiledning utvides og styrkes
5. Utvalget foreslår at det opprettes egen foreldreportal på internett
6. Utvalget foreslår å lovfeste kommunale foreldreutvalg for barnehagene
7. Utvalget foreslår at det lovfestes at kommunen skal ha en egen plan for foreldresamarbeid for barnehagene

### ***Merknader frå Klepp kommune:***

*Utvalet sine framlegg til "Organisering av tilbodet" representerer lite nytt sett i forhold til korleis barnehagetilbodet i Klepp vert drive. Ein kan stilla spørsmål ved kvifor utvalet ønskjer lovfesting av kommunalt foreldreutval og ein kommunal plan for foreldresamarbeid (punkt 6 og 7), samstundes som tiltak som betyr mykje for einskildbarn (tiltak 2, 3 og 4) blir tilrådingar.*

*Utvalet ønskjer at eit eventuelt gratis barnehagetilbod 20 timar/veka for barn i alderen 3-5 år skal gjevast innafor det ordinære barnehagetilbodet. Prinsipielt meiner Klepp kommune at kommunen sjølv skal avgjera organisering og driftsform av barnehagetilbod, så lenge tilbodet er i samsvar med lovverket.*

### **BARNEHAGENS INNHOLD OG OPPGAVER**

1. Utvalget foreslår at det i rammeplanen i tillegg til mål knyttet til fagområdene også settes mål for barnehagens arbeid med lek, omsorg og sosial kompetanse
2. Utvalget foreslår at det i rammeplanen settes mål for hva det enkelte barn skal utvikle av basiskompetanse
3. Utvalget foreslår at det i rammeplanen legges føringer for at barnet selv også får sette mål for sin egen læring og utvikling
4. Utvalget foreslår at det i rammeplanen må stilles tydeligere krav til årsplansarbeidet i barnehagen
5. Utvalget foreslår at rammeplanen må bli tydeligere på kravet om progresjon i barns læring og utvikling
6. Utvalget foreslår at det i rammeplanen må stilles tydeligere krav om likt fokus på formelle og uformelle læringssituasjoner i barnehagen
7. Utvalget mener at de skoleforberedende aktivitetene legger hovedvekt på utvikling av barnas sosiale kompetanse, språk og andre former for kommunikasjon
8. Utvalget forslår at det i rammeplanen må tydeliggjøres hva innholdet i de skoleforberedende aktivitetene skal være
9. Utvalget foreslår at alle barnehager må ta i bruk en tretrinnsmodell for mer systematisk identifisering og oppfølging av barn med særlige behov
10. Utvalget foreslår at det utarbeides en veileder for barnehagene om arbeidet med barn med traumer

### ***Merknader frå Klepp kommune:***

*Barnehagane i Klepp kommune har allereie i lang tid hatt mål for barnehagen sitt arbeid med lek, omsorg og sosial kompetanse (punkt 1). Dette er lite nytt. Det skulle berre mangle at ikkje verksemda har definerte målsetjingar for det som er hovudoppdraget. Dermed oppfattar kommunen at utvalet vil sikra at det som allereie er innarbeidd vanleg praksis, også blir formulert i nasjonale styringsdokument. Kommunen ser elles fram til ein revisjon av rammeplanen som omfattar både på dette og andre område.*

*Klepp kommune har gjennom år sikra at det er formulert utviklingsmål for kvart einskild barn, i samarbeid med foreldra. Det blir likevel problematisk når utvalet foreslår (punkt 2) at det i rammeplanen blir fastsette mål for kva det einskilde barnet skal utvikla av basiskompetanse. Dersom*

*dette inneber framlegg om å innføra resultatmål for kva barn skal meistra/kunna på ulike alderssteg, representerer dette eit dramatisk brot med norsk barnehagetradisjon. Barn i barnehagealder utviklar seg ulikt og lite lineært. Dersom utvalet her foreslår resultatmål, er Klepp kommune imot det. Dersom utvalet med punkt 2 meiner at basiskompetansen som bør utviklast i barnehagealderen skal koma tydelegare fram, er Klepp kommune ikkje imot det. Målsetjingar for basiskompetanse må likevel formulerast som prosessmål, mål å arbeida fram mot, mål å strekkja seg etter, og ikkje som forventa aldersadekvate resultatmål.*

*Utvalet foreslår at det gjennom revisjon av rammeplanen blir sikra at barna sjølve får setja mål for si eiga læring og utvikling (punkt 3). Dette er godt i samsvar med den felles nasjonale satsinga på barn si medverknad som har skjedd dei siste åra.*

*Utvalet har fleire framlegg om å endra rammeplanen slik at barnehagen sitt læringsoppdrag kjem tydelegare fram. Utvalet vil stilla tydelegare krav til årsplansarbeidet i barnehagen (punkt 4), ha tydelegare progresjon i barns læring og utvikling (punkt 5) og tydelegare fokus på både formelle og uformelle lærings situasjonar i barnehagen (punkt 6). Desse framlegga, saman med framlegget i punkt 2 om å ha mål for kva barn skal læra, kan i sum representera ei endring i barnehagen sitt særpreg og sitt mandat. Utvalet ønskjer å styrka barnehagen som grunnmuren i utdanningssystemet og barnehagen si rolle som læringsarena. Klepp kommune meiner dette er positivt, men er samstundes uroleg for at dette kan gå ut over barn sine behov for fri leik, innleving og utfolding. Barn – også i barnehagen – må få vera barn og også oppleva "frirom".*

*Barnehagen opplever i dag å vera i klemme i forhold til eit meir skuleprega barne- og lærings syn. På den andre sida kan likevel utvalet sine framlegg avklara og avgrensa, slik at barnehagen sitt handlingsrom nettopp blir tydelegare. Dessutan vil t.d. innføring av meir omfattande målformuleringar og progresjonsplanar (som barnehagane i Klepp allereie har) kunna gjera det lettare å realisera intensjonane om sosial utjamning, tidleg oppdaging og tidleg innsats.*

*Ein revisjon av rammeplanen vil tvinga fram ei grundigare drøfting både av barnesyn, leike- og lærings syn og også av kor tydeleg barnehagen sitt læringsoppdrag skal vera.*

*Det har dei siste åra vore ein intens debatt om kartlegging av barn i barnehagen. Og utvalet foreslår at alle barnehagar tar i bruk ein tretrinnsmodell for meir systematisk identifisering og oppfølging av barn med særlege behov. Klepp kommune har utvikla kartleggingspraksis og rutinar på dette området som samsvarer godt med framlegga til utvalet.*

*Kommunen har ikkje merknader til dei andre punkta i denne delen, men stussar nok over utvalet sin bruk av omgrepet "skuleførebuande aktivitet". T.d. meiner styrarane i Klepp kommune at all læringsaktivitet i barnehagen er skule- og livsførebuande. Det blir også peika på at denne læringsaktiviteten ikkje er avgrensa til dei eldste barna. Og er det ikkje snart tid for å skifta ut omgrepet "førskulebarn" med "barnehagebarn"?*

## PERSONALET I BARNEHAGEN

1. Utvalget foreslår at det innføres et varig system for etter- og videreutdanning for ansatte i barnehagesektoren
2. Utvalget foreslår at minst 50 prosent av de ansatte i barnehagene må ha førskolelærerutdanning eller annen tilsvarende pedagogisk utdanning
3. Utvalget foreslår at muligheten til dispensasjon fra utdanningskravet må innskrenkes
4. Utvalget anbefaler at det vurderes å innføre et minimumskrav til formelle kvalifikasjoner hos assistenter i barnehagen
5. Utvalget foreslår at det igangsettes en egen kampanje for rekruttering til førskolelærerutdanningen
6. Utvalget foreslår at det igangsettes varig systematisk lederopplæring av styrere i barnehagene
7. Utvalget foreslår at førskolelærerutdanningen blir 4-årig
8. Utvalget anbefaler et betydelig lønnsløft til førskolelærere for å sikre kvalifisert personell i barnehagen og rekruttering til førskolelærerutdanningen
9. Utvalget foreslår at det lovfestes et krav om barnehagefaglig kompetanse i kommuneadministrasjonen

### ***Merknader frå Klepp kommune:***

*Klepp kommune støttar samtlege framlegg i delen "Personalet i barnehagen". Dessverre blir punkta likevel mest som ei ønskeliste. Desse problemstillingane har vore på dagsorden i ei årrekke, utan at kompenserte tiltak er sette inn. IRIS (International Research Institute of Stavanger) har dokumentert at Rogaland manglar kring 500 førskulelærarar. (På landsbasis manglar kring 4000.) Mangelen på førskulelærarar i Rogaland vil vara ved like til 2026, dersom ikkje utdanningsskapasiteten blir auka og lønsnivå og arbeids- og utviklingsvilkåra endra.*

*Ved innføring av Kunnskapsløftet fekk kommunane tildelt midlar til etter- og vidareutdanning. Kvalifikasjonskrava for lærarar blei skjerpa, lærarutdanninga endra, rektorskule innført og rekrutteringskampanje (GNIST) initiert. Klepp kommune saknar tilsvarende nasjonal satsing no ved gjennomføring av Barnehageløftet.*

*Brenna-utvalet si innstilling løfter fram viktige faktorar som skal heva kvaliteten i barnehagesektoren. Utvalet følgjer opp intensjonane i Stortingsmelding 41 (2008-2009) "Kvalitet i barnehagen". Men barnehagen kan neppe bli grunnmuren i utdanningssystemet og basis for kvart individ sin livslange læring utan at det frå nasjonalt nivå blir satsa meir på å sikra nok førskulelærarar.*

## **SAMARBEID OG SAMMENHENG MELLOM BARNEHAGE OG SKOLE**

1. Utvalget foreslår at det innføres en plikt til samarbeid mellom barnehage og skole i regelverk og planverk for både barnehage og grunnsopplæringen
2. Utvalget foreslår at deler av innholdet i den statlige veilederen *Fra eldst til yngst* tas inn i forskriften for både barnehageloven og opplæringsloven
3. Utvalget foreslår at kommunen pålegges å lage en overordnet plan for hvordan sammenheng mellom barnehage og skole skal sikres og overgangen skal bli best mulig for barna
4. Utvalget foreslår at det i grunnskolelærerutdanningen for 1.-5. trinn innføres en obligatorisk praksisperiode i barnehage
5. Utvalget anbefaler at det gis tilbud om hospitering i hverandres virksomheter for ansatte i barnehage og skole
6. Utvalget anbefaler at det gis tilbud om kompetanseutvikling til førskolelærere og grunnskolelærere vedrørende samarbeid mellom barnehage og skole

### ***Merknader frå Klepp kommune:***

*Klepp kommune var sterkt deltakande i arbeidet med "Fra eldst til yngst", den nasjonale rettleiaren for samarbeid mellom barnehage og skule. Gjennom punkta ovanfor foreslår utvalet både pålegg, pliktar, forskriftsfesting og obligatoriske tiltak for å sikra godt samarbeid barnehage-skule i alle kommunar. Klepp kommune har ingen merknader til dette.*

## **STYRING AV SEKTOREN OG FORELDREBETALING**

1. Utvalget anbefaler at det sikres sterkere nasjonale kvalitetskrav for barnehagene gjennom lov og forskrifter i tilknytning til innføring av rammefinansiering av barnehagene
2. Utvalget foreslår at kommunenes tilsyn av barnehagene styrkes gjennom sterkere nasjonale føringer
3. Utvalget foreslår at det innføres sterkere statlig regulering av moderasjonsordningene for foreldrebetalingen i barnehagen

### ***Merknader frå Klepp kommune:***

*Utvalet kjem i denne delen med framlegg om "sterkere nasjonale kvalitetskrav", "sterkere nasjonale føringer" og "sterkere statlig regulering". Utvalet har sterke ønske om ein meir lik barnehagesektor. Og fleire undersøkingar tyder på at dei norske barnehagane både har stort mangfald og varierende kvalitet. Dette representerer utfordringar dersom ønsket er ein barnehagesektor som skal utgjera basis for barn si læring og grunnmuren i utdanningssystemet. Klepp kommune er likevel skeptisk til utvalet si vektlegging av nasjonal styring. Dei fleste kommunane tek sjølv godt hand om kvalitetskrav, tilsynsopplegg og moderasjonsordningar.*

## KUNNSKAP OM BARNEHAGENS BETYDNING

1. Utvalget foreslår at det igangsettes kontrollerte evalueringsstudier for å finne ut hvordan barnehager med ulike kjennetegn påvirker barn av hvert kjønn og med ulike forutsetninger og kjennetegn. Det gjelder særlig barns sosiale, emosjonelle, atferdsmessige og motorisk fungering, i tillegg til barns kognitive fungering og psykiske helse
2. Utvalget foreslår at det settes av midler til forskningsoppfølging av offentlig tiltak for å dokumentere virkningene, og at det må etableres et forpliktende samarbeidsorgan for å følge opp dette
3. Utvalget anbefaler at forskningsevalueringer av offentlige tiltak bør kvalitetskontrolleres gjennom publisering av artikler i fagfelleverderte tidsskrifter, både nasjonale og internasjonale. Utvalget mener videre at denne forskningen i større grad må formidles til sektoren.

### ***Merknader frå Klepp kommune:***

*Klepp kommune støtter utvalet sine framlegg om å auke innsatsen kring forskning i barnehagen. Barnehagesektoren har hatt ei enorm utvikling kvantitativt, men det kvalitative teori- og forskingsgrunnlaget har vore mangelfullt. Det er viktig både å vita meir om korleis barnehagetilbod verkar på barn og korleis tilboda kan organiserast og drivast med best mogleg kvalitet. Klepp kommune ønskjer derfor ei praksisnær forskingsinnsats.*

Kleppe, 11. januar 2011



## SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla i:  
**Hovudutval for skule og barnehage**

Møtedato: Sak nr:  
**27.01.2011 6/11**

---

**Saksbehandler:** Sigurd Aukland  
**Arkivsak:** 08/881-27

**Arkiv:** 020

---

## HØYRING NOU 2010:8 MED FORSKERTRANG OG LEKELYST

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring Brenna-utvalet si innstilling; NOU 2010:8 "Med forskertrang og lekelyst". Utvalet har sett på pedagogisk tilbod til førskulebarn.

Utvalet tek føre seg sentrale moment som gjeld mogleg gratis barnehagetilbod, framtidig læringsinnhald barnehagen, skuleførebuing, samarbeid barnehage-skule, personalet i barnehagen og styring og forskning i sektoren. Utvalet byggjer vidare på Stortingsmelding 41 (2008/2009) "Kvalitet i barnehagen".

Utvalet si innstilling blei grundig drøfta på styrarmøtet 5. januar 2011.

### Vedlegg:

- Høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet av 29.10.10.
- Framlegg til høyringsfråsegn frå Klepp kommune

### Innstilling:

Kommunalsjefen sitt forslag til vedtak:

Framlegget til høyringsfråsegn til NOU 2010:8 "Med forskertrang og lekelyst" (Brenna-utvalet) blir godkjent og oversendt Kunnskapsdepartementet.

**Hovudutval for skule og barnehage den 27.01.2011 sak 6/11**

**Einstemmig VEDTAK:**

Tilrådinga blei godkjent.

Rett utskrift, 28.01.2011

Karin Sandve Vereide  
møtesekr.

Kopi til:  
Kunnskapsdepartementet, [postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no)